Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Hedemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Folldal

Emne: Brot og Brom Bygdelag:

Oppskr. av: Ivar A. Streitlien Gard: Streitlien.

(adresse): Tynset G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke)~~ :

SVAR

1. Gamalt var det vanleg å „brote ris" sist på våren helst når lauvet var oppbrukt og det börja verta lite höy i löa. Ein bruka björk. Det var også vanleg å köyra heim „gnag" - bar og kvistar av furu — som ein la i ein haug ute på garden slik at sau og geit kunde gnage av borken og bite av baren.

2. Du må iveg å „brote ris" idag. Heime ligg garden 860 m.o.h. og björkeskogen er like ved. Anten köyrde vi risbjörka på skaren, eller vi „braut risbyrde" og bar heim på ryggen. Det vart ikkje bruka nokon sers slede til dette arbeidet. „Gnaget" vart köyrd heim på vanleg slede.

3. „Riset" vart henta i april, oftast i siste haloparten av manaden, og på dei förste dagane av mai.
„Gnaget" vart köyrd heim heile vinteren. Det var helst toppane og greinene etter sleppershogginga eller etter hogging av husrimber eller sagtimber. Det er slutt med denne bruksmåten no avdi ein meiner det er ein viss resiko å venne småkrötera på „gnag", dei kan lett ta på ungskogen om simaren også, meiner somme.

4 Ein vanleg sigd til „risbrotinga 
Sigden kunde ha mange „gjerder", og ein bruka same sigdane som til lauvhogsten om hausten.

5. Kyrne fekk „riset". Småkrötera fekk „gnaget"
Riset vart lagt inn i båsen til kua. 60–80 cm lange kvistar „gjeve for seg sjølv.

6. Riset vart lagt i fjoskjelet. Gnaget vart lagt like utanfor småkröterfjoset eller ved vedskålen. Var det retteleg kaldt, så vart det også lagt inn på tallen i saufjoset eller geitfjoset.

Denne brukemåten var vanleg for 50 år sidan. Ein og annan gongen vert dette nokk bruka i vår tid også, helst da med heimkøyring av gnag. Når borken og nålane er bite eller gnagge av, blir kvistane fort turre. I min oppvekst vart desse greinene hogge opp til bakstoved-„gnagved".

7. Skikken er ukjend.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING